



16 unge møtte fram og yngla av idear då gruppa som skal lage ein plan for grusbana heldt møte i Gamleskulen. Møtet vart ein suksess - det var klokt å ta neste generasjon med på råd. Ein av ideane som er interessant og som gruppa ikkje hadde tenkt på var å utnytta sjøen.



Volleyball kan vera ein aktuell aktivitet

- Sats ikkje berre på å kopiera det dei har gjort andre stader, tenk utradisjonelt og dristig, var oppmodinga før flokken var delt i 4 grupper og gjekk igang med idedugnaden.

Den einaste ideen som allereie er klubba er at det skal anleggjast ei kunstgrasbane. Det er ikkje trong for ei bane i vanleg storleik som på Husnes og i Rosendal så lenge Uskedalen har ei framifrå naturgrasbane. Det bygda treng er ei treningsbane.



Ungdommane var kreative

Her er endel av dei stikkorda som kom på papiret på under ein halvtime:

- *Rulleskøytebane
- *Skøytebane
- *Sykkelbane
- *Badeland med boblebad
- *Minigolf
- *Vippedissa
- *Akebakke
- *Klatreløype
- *Klatrevegg
- *Leikepark
- *Skateboardbane
- *Triplanløype
- *Hoppeslott
- 'Skytebane
- *Fruktpark.

- *Trampoline
- *Strandvolleybane
- *Ballbinge

- Vi kan ikkje lova alt fyrste sommaren, men vi kan starta, var konklusjonen frå arbeidsgruppa. Neste steg vert eit folkemøte om saka..

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Grusbana er viktig også som reservearena